



STØRST AV ALT

BARN OG UNGE I DEN NORSKE KYRKJA

Dale, 9.april 2019

Hei du som går i 3. klasse i Dale og Flekkel!

Vi ønsker deg velkommen til å vere med på 2 samlingar i Dale kyrkje. Den første samlinga er påskevandring der vi saman skal gå gjennom hendingane frå palmesøndag til påsketida. Her får vi både smake, kjenne, sjå og høyre litt om korleis Jesus og disiplane opplevde desse spesielle dagane. Tida for denne samlinga vert

torsdag 25. april kl. 11.45-13.15 i Dale kyrkje.

Set av tida og kom og ver med på eit kjekt opplegg saman med oss. Det vert enkel mat i opplegget, og viss det er fint vår kjem vi til å ha noko av opplegget ute ved Ljosheim og Dale kyrkje.

Den andre samlinga er gudsteneste i Dale kyrkje **søndag 28. april kl. 14.00.**

Då vil du få utdelt ei ny påskebok og elles delta i noko av opplegget. Alle er velkomne til denne påsegudstenesta, og det er kjekt om du får med deg familie og venner.

Vi gler oss til å møte deg! ☺



Med helsing

Knut Arne Kummeneje
Sokneprest

Stig Moltumyr
Kyrkjelydsarbeidar

For at vi skal vite kor mange som kjem, kan du melde deg på ved å sende sms med namnet ditt til Knut Arne sin mobil: **tf 908 55 230** innan **onsdag 17. april**. Du kan eventuelt sende påmeldinga på e-post: knut.arne.kummeneje@fjaler.kyrkja.no.

Soknepresten i Fjaler

Fjaler kyrkjekontor, Dalstunet, Dalsvegen 105A, 6963 Dale i Sunnfjord
Telefon: 90 85 52 30 E-post: knut.arne.kummeneje@fjaler.kyrkja.no